

# Radøy kommune

## Saksframlegg

Saknr	Utval	Type	Dato
042/2014	Formannskapet i Radøy	PS	05.06.2014

Sakshandsamar	Arkivsaknr.:	Dokumentnr.:
Bente Kopperdal Hervik	14/1513	14/5568

### Oppstart av planarbeid - kulturminneplan

#### Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Radøy kommune startar opp arbeidet med ein kulturminneplan i tråd med prioriteringa i planstrategien. Planen skal ha status som temaplan,

Formannskapet er styringsgruppe for planen. Rådmannen set ned ei administrativ arbeidsgruppe som skal utarbeida planen. Grappa skal knyta til seg eksterne referansar ved behov.

#### Saksopplysingar:

##### Bakgrunn

Planstrategien for Radøy kommune slår fast at det skal opprettast ein kulturminneplan for kommunen, noko som òg er varsla i kulturplanen. Kulturminneplanen skal i følge planstrategien ha status som temaplan.

Både Riksantikvaren og Hordaland fylkeskommune oppfordrar kommunane til å utarbeida kulturminneplanar, og har også lyst ut tilskot til utarbeiding av planar og registrering av kulturminne.

Hordaland fylkeskommune har vedtatt ei målsetjing om at alle kommunane i fylket skal ha vedtatt ein kulturminneplan innan utgangen av 2016. For å nå målsetjinga har fylkeskommunen utarbeida prosjektet *Kulturminneplan i kommunane 2013-2016* som skal følgja opp kulturminneplanarbeidet i kommunane. Kommunane som vert med i dette prosjektet får såleis støtte til utarbeiding av planen og tett oppfølging.

##### Vurdering

Radøy kommune er rik på kulturminne. I kulturminnedatabasen Askeladden finn me 207 arkeologiske, og dermed automatisk freda kulturminne, i kommunen. Det er registrert 1129 bygningar og ruiner eldre enn 1900 (SEFRAK-registreringar). Av desse er 812 ståande bygg per i dag. Talet på bygg eldre enn 1900 er i realiteten ein god del høgare enn dette, då kulturminne i store delar av kommunen enno ikkje er registrerte. I tillegg kjem kulturminne nyare enn 1900, som berre unntaksvis er registrerte.

Kulturminne er ikkje-fornybare ressursar og kan ikkje erstattast om dei vert øydelagde. Det er likevel ikkje mogleg og heller ikkje eit mål å ta vare på alt. I staden bør ein sikra eit representativt utval av kulturminne som viser det typiske og særmerkte for kommunen frå ulike epokar, sosiale lag, næringar og etter ulik byggjeskikk og arkitektur. Ein bør også ta vare på ein del av dei heilt spesielle kulturminna som kanskje berre fanst eitt eller nokon få av. Fokus bør vera på det som er særmerkt

for vår kommune eller vårt område.

For å sikra at ein gjer det rette utvalet, er ein kulturminneplan med oversikt og prioritering av kva for kulturminne ein ynskjer å ta vare på eit naudsynt verkty. I arbeidet med ein slik plan vil det også vera naturleg å sjå utover kommunegrensene til dei andre nordhordlandskommunane i val og prioriteringar av kulturminne og slik få ei meir heilskapleg regional kulturminneforvaltning.

Utover å vera eit reiskap for forvaltning av kulturminne, er formåla med kulturminneplanen å setja kulturminne på dagsordenen, auka kunnskapen og kjennskapen til kulturminna i kommunen, skapa føreseielege tilhøve for eigarar av kulturminne og synleggjera potensiale for bruk av kulturminna i kommunen.

Det er svært viktig å involvera flest mogleg i planprosessen, ikkje minst fordi dette er ein plan som også gjeld kulturminne i privat eige. For å sikra kulturminne og -miljø etter plan- og bygningslova vil vurderingane i kulturminneplanen seinare følgjast opp i reguleringsplanar, i arealdelen i kommuneplanen og takast omsyn til i alt planarbeid og byggesakshandsaming. Rådmannen meiner difor at trass i at planen skal vera ein temaplan, bør ein i hovudsak følgja prosesskrava til kommunedelplanar i plan- og bygningslova.

Rådmannen ser for seg at planen skal ha tematiske kapittel med historie, utvikling og tilstanden og utfordringar i dag innan ulike felt. Det er naturleg at kystkultur vert trekt særskilt fram i planen, men rådmannen ynskjer ein plan med breidde i tema. Aktuelle tema i planen er fornminne, kulturminne knytt til landbruk, kystkultur, samferdsle og kommunikasjon, krigsminne, kyrkjer og anlegg knytt til kyrkjeleg verksemd, forsamlingshus, offentlege bygg, og kulturminne knytt til næringsverksemd. I tillegg vil tettstaden Manger få særleg omtale. Ein vil også vurdere kva for nyare tids kulturminne ein vil sikra for framtida.

Det er vanskeleg å sjå kulturminna åtskilt frå landskapet i kring. Rådmannen meiner difor at kulturlandskap også skal takast med i planen der det er avgjerande for ei god forvaltning av viktige kulturminne eller der kulturlandskapet i seg sjølv har svært stor verdi som kulturminne.

I tillegg til temadelen ynskjer rådmannen at kulturminneplanen også inneheld ei liste over alle dei viktigaste kulturminna i kommunen og ein handlingsplan, som ein rullerer.

Rådmannen foreslår følgjande organisering av planarbeidet:

- Formannskapet vert styringsgruppe for kulturminneplanen.
- Ei administrativ, tverrfagleg arbeidsgruppe koordinerer og gjennomfører planprosessen. Denne gruppa består av prosjektleiar (kultur- og sørvistorget), kommunalsjef for drift og forvaltning, plankonsulent og fagkonsulent for byggesak. Landbruksavdelinga vil verta trekt inn ved behov.
- Som ekstern referansegruppe vil ein nytta fagpersonar frå Kulturverntenesta i Nordhordland og Hordaland fylkeskommune, lokale lag og organisasjonar som Radøy sogelag, Keipane kystlag, Gamle smiers venner, bygdelag og grendelag, og privatpersonar med kunnskap og interesse om emnet.

Hordaland fylkeskommune og Kulturverntenesta i Nordhordland vil vera fagleg støtte i planprosessen, og vil også gjennomføra ein del kartleggingar av viktige kulturminne og lokalitetar. Utover dette vil ein forsøkja å få lag og organisasjonar og andre frivillige til å bidra med

kulturminneregistreringar.

Rådmannen ynskjer å oppdatera dei eksisterande kulturminneregistreringane, registrera alle bygg eldre enn 1900 som ikkje er registrerte frå før og samt dei viktigaste kulturminna frå perioden etter 1900.

Rådmannen meiner at det ikkje er behov for å nytta eksterne konsulentar i prosessen.

### **Økonomi:**

I 2013 fekk Radøy kommune 100.000 kroner frå Riksantikvaren til registrering av kulturminne. I 2014 er det søkt om 100.000 kroner til utarbeiding av planen. Administrasjonen i Hordaland fylkeskommune har innstilt på at Radøy får 100.000 kroner. Saka skal opp til politisk handsaming 3. juni.

Erfaringar frå andre kommunar viser at prosjektleiar treng mellom 20 og 40 % stilling i kring 1,5 år til å utarbeida planen, alt etter kvar ein er i planprosessen. Rådmannen ser for seg at dette skal gjerast som ein del av arbeidet på kultur- og sørvistorget, og det vil ikkje verta henta inn ekstra ressursar.

Til registreringar av kulturminner vil ein bruka lag og organisasjonar og frivillige privatpersonar. Det kan også vera aktuelt å nytta personar som er inn under ulike NAV-tiltak. Dei 100.000 som kommunen i 2013 fekk i tilskot frå Riksantikvaren meiner rådmannen bør nyttast til godtgjersle til personar eller lag som deltek i kulturminneregistreringa.

I kulturminnefondet er det pr 23.05.2014 ein grunnkapital på kr. 1.669.372. I statuttane for fondet står det at grunnkapitalen på fondet skal vera minst 1.600.000. Rådmannen ynskjer difor at ein om naudsynt kan nytta det beløpet som overstig 1.600.000 til dekking av utgifter i samband med planen. Dette vil eventuelt koma opp som ei eiga sak til formannskapet.

### **Framdriftsplan:**

Våren 2014	Oppstart av planprosess	Formannskapet
Sommaren 2014	Utarbeiding av planprogram	Arbeidsgruppa
Hausten 2014	Melding om oppstart og planprogram på høyring	Formannskapet
	Høyring seks veker	
	Vedtak om planprogram	Formannskapet
	Kurs om registrering av kulturminne	Arbeidsgruppa / Hordaland fylkeskommune
Hausten 2014 og våren 2015	Registrering av kulturminne, kvalitetssikring av eksisterande register	Arbeidsgruppa, frivillige
Våren 2015-våren 2016	Utarbeiding av plan	Arbeidsgruppa
Hausten 2016	Kulturminneplan til høyring og godkjenning	Formannskapet
	Høyring	
November/desember 2016	Vedtak av kulturminneplan	Formannskapet/kommunestyret

## **Formannskapet i Radøy - 042/2014**

### **FS - handsaming:**

Bente K. Hervik orienterte om formålet med kulturminneplanen, og informerte om at fylkeskommunen har gitt kommunen eit tilskot på 100 000 kroner til utarbeiding av plan. I tillegg fekk Radøy eit tilskot på 100 000 kroner til kulturminne-registrering i fjor.

Planen vil vera eit godt verktøy og vil gje eit samla bilete over alle kulturminne i Radøy.

Formannskapet - som styringsgruppe, vil tidleg i haust invitera administrasjonen til eit drøftingsmøte om planarbeidet.

### **FS - vedtak:**

Radøy kommune startar opp arbeidet med ein kulturminneplan i tråd med prioriteringa i planstrategien. Planen skal ha status som temaplan.

Formannskapet er styringsgruppe for planen. Rådmannen set ned ei administrativ arbeidsgruppe som skal utarbeida planen. Gruppa skal knyta til seg eksterne referansar ved behov.